

01.05.2016

Høyringsuttale for konsesjonssøknadane for Fjellfossen kraftverk, Leirofossen kraftverk og Steinsedalselvi kraftverk, alle på Eidsland i Vaksdal kommune.

Eg har registrert at veg frå Myster til Leiro vert nytta som argument *mot* ei eventuell utbygging av prosjekta. Som både grunneigar i det berørte området og privatperson ynskjer eg å kommentera det.

Vegbygging bl. a. til Leiro vart fyrste gongen vedteken av gamle Bruvik kommune, og seinare, som del av jordskifte over Myster si inn og utmark i 1972 (ankesaker behandla i 1973) der det saman med fleire andre vegar vert beskrive og fordelt ansvar for opparbeiding og vedlikehald av desse. Vegen til Leiro vert sagt å skulla «tena som gardsveg for oppsitjarar på Leiren, skogsveg for eigaren av bruk 1-2 og 25 og dessutan som stølsveg for oppsitjarane på Myster fram til utgangspunktet for veg nr. 7»

Slik eg ser det vil det difor på eit eller anna tidspunkt verte bygd veg til Leiro uavhengig av kraftutbygging eller ikkje, og vegen kan difor ikkje nyttast som eit argument mot vidare utbygging i området. Det burde vera unaudsynt å peika på dei mange føremonene ein veg vil gje, om det er for grunneigarar, bygdefolk, turfolk, tømmerhogst, sauesanking, BKK (som har to tunnellinntak midtveges i lia), jegarar eller andre. I dag går stien bratt og sleip i tettplanta granskog og ein veg vil også opna opp landskapet for dei som tek føtene fatt opp lia i framtida.

Ein ting dei mange veglause gardane i Vaksdal har til felles så er det mangel på folk. Med nokre svært få unntak er det greitt tomt for fastbuande på Leiro, Brørvik, Simmenes, Mellesdal, Elvik, Moen, Bukkestein, Kvamme, Vedå, Tyssebruni (Dyvik), Kalvik, Furnes, Kvåstad, Fyllingsli og Fokstad. Og som nabogardar til Eidsland kan me ta med Mostraumen og Langedalen i Modalen i same slengen.... *poenget er at utan veg stoppar mykje opp.*

Så er spørsmålet om vegen nødvendigvis må gjerast så stygg, slik det vert hevda frå enkelt hald at den vil verta....eg ser av planane at det nærmeste ein er komen i planlegginga av ein vegtrase er ein heller tilfeldig teikna tusjstrek. Eg bit meg også merke i at tilkomsten til Leirevegen med nedgraving av linjer er tenkt lagt til ein veg som vart bygt i samband med eit massetak på eigedomen min her på Myster. Og det er heilt greitt, men då reknar eg sjølvsagt med at alle berørte partar møtest iht samarbeidsavtalane som er gjort mellom grunneigarane, både før og under planlegginga av vegbygginga slik at den vert så tenleg som mogeleg. Då tenkjer eg både på marka og skogen den skal byggast gjennom på bruk 1-2, nytten av vegen seinare, vedlikehald og opparbeiding på eksisterande veg, parkering m.m. For eigen del tenkjer eg at ei forlenging av vegen min til massetaket vidare opp lia er den beste, -kanskje einaste, måten eg har for å få rydda til i massetaket ...og det burde vel telja litt for dei som måtte vera opptatt av landskapet her på Myster, men motstandarar av veg?

Det er både fordelar og ulemper med ei utbygging, men vegbygginga i dette tilfellet har berre fordelar så lenge den vert planlagt godt. Eg kan ikkje skjøna anna.

Helsing

Bjørn Arvid Ekse

Mystervegen 100

5728 Eidslandet

Eigar av Opheim, gardsnr 39, bruk 25 og Mystrastubben, gardsnr 39, bruk 82 i Vaksdal Kommune

01.05.2016